



Ole Kristian Skibenes
Melandsvegen 268
5919 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 18/2433 - 18/22857

Saksbehandlar:
Larissa Dahl
larissa.dahl@meland.kommune.no

Dato:
30.10.2018

Godkjenning - løyve til riving av våningshus - gbnr 14/7 Erstad

Administrativt vedtak. Saknr: 290/2018

Tiltakshavar: Ole Kristian Skibenes
Søknadstype: Søknad om løyve til tiltak utan ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) § 20-4

Tiltak

Saka gjeld søknad om riving av våningshus med bruksareal (BRA) opplyst til å vere ca. 97,5 m² i Melandsvegen 264.

Det vert elles vist til søknad motteken

Det vart motteke søknad om personleg ansvarsrett (sjølvbyggjar) i samsvar med SAK 10 §6-8 for riving av våningshus. Kommunen har vurdert at det kan gjevast løyve til riving utan ansvarsret i samsvar med PBL §20-4 bokstav e) ti dette konkrete tilfellet, då tiltakshavar har erklært for at arbeid vert utført i samsvar med PBL og forskrifta.

Sakshandsamingsfrist

Søknaden var komplett og klar for handsaming den 26.10.18 og frist for sakshandsaming etter plan- og bygningslova (pbl.) § 21-7 jf. SAK 10 § 7-2 er 3 veker frå denne dato 26.10.18.

Planstatus

Eigedomen ligg i uregulert område innanfor det som i kommuneplanen sin arealdel er definert som LNFR-føremål.

Dispensasjon

Tiltaket krev ikkje dispensasjon.

Uttale frå anna styresmakt

Det er ikkje henta inn uttale frå anna styresmakt.

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 98 36413
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Nabovarsel

I medhald av reglane i pbl. § 21-3 andre ledd vert det gjeve fritak for varsling til naboar. Ein finn at deira interesser ikkje vert råka av arbeidet.

Plassering

Plassering av tiltaket er vist i situasjonsplan motteke 26.10.18.

Avfallsplan

Tiltaket har bruksareal på under 100 m² og har ikkje krav til avfallsplan etter TEK § 9-6.

Det er ikkje krav til skildring av miljøsanering for tiltaket etter TEK § 9-7. Men vi gjer merksam på at alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

VEDTAK:

«Med heimel i plan- og bygningslova § 20-4 e) vert det gjeve løyve til tiltak for riving av våningshus på følgjande vilkår:

1. Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest.
2. Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.»

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. Kommuneleoven § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl § 21-10 og SAK § 8-1. Ingen delar av tiltaket må takast i bruk til det omsøkte formålet før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre. Føreliggjande vedtak er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf fvl §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det blir klaga på i vedtaket og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig, eller krav om erstatning, må høvet til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf fvl § 27b.

Gebyr for kommunen si handsaming av søknad om byggjeløyve vert ettersendt, jf. høvesvis Plan- og bygningsloven § 33-1 og Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Ettersom gebyret er fastsett ved forskrift kan det ikkje klagast over at det blir kravd gebyr eller over storleiken på gebyret, jf. forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan likevel klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunngitt.

Kopi av dette vedtaket, samt andre saksdokument, skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Ansvar

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i samsvar med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. PBL. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene føre løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. PBL. § 21-6.

Bortfall av løyve

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. PBL. § 21-9. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Larissa Dahl
Konsulent

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Svar vedrørende rivingsprosess våningshus GBNR 14/7
5174-soknad-om-tillatelse-til-tiltak_2017
5156-kvittering-for-nabovarsel
Søknad om riving av eldre våningshus GBNR 14/7
E-postmelding - Søknad om riving av eldre våningshus GBNR 14/7
situasjonskart
Søknad om fritak fra nabovarsel
Søknad om personlig ansvarsrett
selvbygger søknad

Mottakarar:

Ole Kristian Skibenes

Melandsvegen 268 5919

FREKHAUG